



GISKE KOMMUNE

Økonomiseksjonen

Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Postboks 8004 Dep.

0030 OSLO

FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET
30 MAI 2008
ARKIVKODE: 911
SAKSNR. 200800301-72

Dykkar ref.: Vår ref.: 08/798-3 Arkiv: K1-203, K3-&13

Dato: 28.05.2008

NOU 2007:12 OFFENTLIG INNKREVIING - HØYRING

Vi viser til rundskriv av 20.02.2008 frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet og NOU 2007:12 Offentlig innkreving med uttale-frist 02.06.2008.

Vedlagt fylgjer rådmannen si saksutgreiing/innstilling til sak som skal handsamast i Giske formannskap 02.06.2008. Formannskapet sitt vedtak i saka vil bli ettersendt.

Med helsing

Sigmund Strand

økonomisjef

tlf.: 70 18 80 37

e-post: sist@giske.kommune.no

Vedlegg:



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Giske formannskap			SIST

Saksbehandlar	Arkiv:	Arkivsaknr
Sigmund Strand	K1-203, K3-&13	08/798- 2

NOU 2007:12 OFFENTLEG INNKREVIING - HØYRING

Vedlegg:

- Kapittel 1 i NOU 2007:12 - Utvalgets mandat, samansetning og arbeid – samandrag.
- Rundskriv m/momentliste datert 18.04.2008 frå KS.
- KS høyringsuttale NOU 2007:12 Offentlig innkreving.
- Samandrag av kommentarer til NOU 2007:12 frå NKKF (Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnkreving).

Saksutgreiing:

Fornyrings- og administrasjonsdepartementet har den 20.02.2008 sendt ut NOU 2007:12 "Offentlig innkreving" til høyring.

Fleirtalet i utvalet, som vart oppretta av regjeringa ved kongeleg resolusjon av 21.09.2005, går m.a. inn for

- ein sentralisert tvangsinnkrevjings-etat der staten tek over innkreving av alle typer offentlege krav, både privatsrettslige og offentligrettslige.
- Kommuneane skal framleis kunne krevje inn eigne kommunale krav.
- Skatteinnkrevjinga som i dag blir drive av kommunane blir overført til ny statleg tvangsinnkrevjingsetat saman med dei oppgåver som i dag blir utført av 23 statlege innkrevjingsaktørar.



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

- Kommunane vil stå igjen med innkreving av kommunale krav, føring av skatterekneskapen, avregning av skatt og arbeidsgjevarkontroll.
- Tvangsinnkrevjings-etaten skal organiserast i 5 regionar – mest sannsynleg med 20 kontor i rundt i landet. Det er ikkje teke stilling til kontorstader.

Fleirtalet sitt framlegg bygg på den danske modellen som vart innført i 2005. Resultatet der har vore auke i skatterestanser.

Kommunane bruker i dag kommunikasjon og dialog med skatteytarar og næringsdrivande for å finne gode løysingar i innkrevjingsarbeidet, noko som gir gode innkrevjingsresultat og mindre bruk av tvang. Utvalet sitt framlegg om å sentralisere innkrevjinga vil gjere det umogleg å arbeide på same måten.

Sekretariatet i NKKF (Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnkreving) har utarbeidd ei utgreiing med merknader til NOU 2007:12, der det m.a. står:

Fleirtalet hevdar at framlegget som inneber å overføre oppgåver med skatteinnkrevinga frå kommunane til staten, er "den beste måten" å organisere innfordringa på, men:

- Fleirtalet har ikkje vurdert distriktpolitiske omsyn eller konsekvensar for kommunene.
- Fleirtalet har sett bort frå standtpunktet til Stortinget om at skatteoppkrevjaren skal være kommunal.
- Framlegget inneber at kommunane blir fråtekne oppgåver som er lagt til dei ved lov, og som kan vise til resultater som er mellom dei beste i verda.
- Framlegget fører til at kommunane misser innkrevjingskompetanse og blir svekka i handteringa av sine egne krav.
- I Danmark medførte statleggjinga av skatteinnkrevjinga auka skattegjeld og provenytap (skattetap). Det er ingen grunn til å tru at det same ikkje vil skje her. Framlegget vil derfor medføre provenytap og svekka økonomi for ikkje berre kommunane, men også staten og folketrygda.

Fleirtalet har ikkje vurdert problemstillingar om personvern og stigmatisering av enkeltpersonar, men

- Den føreslegne statlege innfordringsetaten får eit sentralt gjeldsregister med oversikt over samtlege skuldnarar med ubetalte krav til det offentlege. Fleirtalet har ikkje sikra ei grundig utgreiing av dei personvernmessige problemstillingane Fleirtalet har heller ikkje vurdert om eit slikt register krev særskilt lovheimel.
- Det danske Datatilsynet er bekymra over kva opplysningar som vert tilført kreditor i den nye danske etaten for innkreving av offentlege krav. Tilsvarande bekymringar vil kome til syns for gjeldsregisteret i den foreslåtte statelige etaten.
- Det er berre gitt 1 983 gjeldsordningar i 2006 og det er derfor grunn til å tru at det er få menneskje som vil ha gjeld til fleire offentlege kreditorar (multiskuldnarar). Det er derfor



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

eit uforholdsmessig tiltak å samle opplysningar i et gigantisk register om det offentlige krav mot innbyggjarane i landet.

- 39 % av befolkninga meiner at opplysningar om betalingsevne er følsomme.

Departementet uttalar i mandatet for utredningen at "*Det synes å være et betydelig potensiale for å forbedre den offentlige innkrevingen. (...).*"(NOU 2007:12, s 10), men:

- Det er ikkje skaffa fram talmateriale som viser omfanget av talet multiskuldnarar.
 - Det er ikke skaffa fram talmateriale som syner omfanget av tal krav som kan innfordrast på same måte. Det er ikkje gitt at alle krav kan samordnast.

Utvalet hevdar at det ligg føre eit "*betydelig potensial*" for å betre brukerorientering og rettstryggleik (NOU s 10), men:

- Utvalet har ikkje påvist at innbyggjarane er misnøgde med den offentlege innkrevinga.
- Den høge løysingsgraden for kommunekassarane, Skatteetaten og Toll- og avgiftsdirektoratet – som er nemde over – vitnar om at dei tre etatane kommuniserer godt med brukarane.
- Nærheit til innkrevjar er svært sentralt, og av stor betydning særlig for vanskeligstilte skuldnarar. Det blir lite nærheit med berre 5 regionar og eit avgrensa tal etatskontor.
- Erfaringar fra Danmark viser at innfordring av krav som rettar seg mot personar og mot verksemdar inneber rett ulik verkemiddelbruk.
- Undersøkelsen utført av Norsk Gallup i 2002 viste at skatteoppkrevjarane fekk svært høg "score" samanlikna med statlege skattekontor.

Fleirtalet i utvalet har også lagt til grunn at det er et potensial for samordningsvinster ved ei oppretting av ein statleg innfordringsetat. Vi er ikkje samde i dette:

- Fleirtalet i utvalet har ikkje teke omsyn til den betydelige samordninga som allereie er etablert innan skatte- og avgiftsområdet.
- Utvalget har ikkje på forsvarleg vis vurdert talet multiskuldnarar.
- Etter vårt syn er det svært lite trulig at ei samla innfordring av offentlege krav vil gagne mange skuldnarar. Dette er også fremheva i prof. dr. juris Tore Bråthen: Utredning om gjeldsregister i Norge, april 2007, der det vert påpeika at eit gjeldsregister berre vil påverke ein særskild del av befolkninga.

Oppsummering

Ei statliggjerding av innkrevinga vil medføre følgjande:

- Sterk sentralisering
- Provenytap både for stat og kommunar
- Innkrevjingsmiljøa i kommunane vert svekka
- Brot i verdikjeda fører til dårlegare brukarorientering



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

- Kommunale oppgåver vert overført til staten
- Kommunalt sjølvstyre vert redusert
- Betydelege overgangskostnader

Vi kan med dette som bakgrunn ikkje tilrå at konklusjonane til fleirtalet vert fylgt opp av Stortinget.

KS har gjeve høyringsuttale den 14.05.08 der det m.a. står:

- KS viser til en rekke tidligere forsøk på å statliggjøre skatteinnkrevingen, og mener det er på tide at Staten nå stopper angrepet på den kommunale innkrevingen. Staten bør heller bidra til at den blir enda betre.
- KS går mot forslaget til sentralisert skatteinnkreving.
- KS mener at forslaget om en sentralisert tvangsinnkrevingsetat er et viktig skritt mot full statliggjøring av den kommunale innkrevingen.
- De kommunale skatteinnkreverne klarer å innkreve 99,5 % av samlet utliknet skatt. En hovudårsak til at resultatet ikke er 100 %, er det store antall skjønns ligninger og lovgivningens beskyttelse av skattyter. På tross av de gode innkrevingresultatene foreslår et flertall i utvalget at alle kravene som ikke er betalt etter første purring skal overføres til en ny statlig sentral innfordringsetat.
- KS peker på at erfaringane med kommunal skatteinnkreving er svært positive. Både av hensynet til innbyggernes rettssikkerhet, skatteinnkrevingens brukervennlighet, ivaretagelse av lokaldemokratiet gjennom folkevalgt innsyn og kontroll, og ikke minst den gode løsningsgraden for inndrivelse av skattekrav, gjør at KS mener at all skatteinnfordring fortsatt må være en kommunal eller felles/interkommunal oppgåve.
- KS støtter en samordning av den statlige innkrevingen slik flertallet i utvalget tilrår. Det er behov for dette når den samme innbyggeren kan måtte forholde seg til om lag 20 forskjellige statlige innkreivingsaktører lokalisert på forskjellige steder i lande.

Vurdering:

Viser til moment i ovannemnde uttaler frå NKKF og KS, som ein støttar fullt ut.

Rådmannen sine merknader:

Rådmannen tilrår at Giske formannskap gir uttale om at all skatteinnfordring framhaldande skal vere ei kommune / interkommunal oppgåve, og at formannskapet støttar framlegget om ei samordning av statlege innkreivingsaktørar.



GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØYA

INNSTILLING:

Giske formannskap viser til NOU 2007:12 "Offentlig innkreving". Giske formannskap meiner at all skatteinnfordring framhaldande skal vere ei kommunal / interkommunal oppgåve.

Giske formannskap støttar framlegget i NOU 2007:12 om å etablere ei samordning av statlege innkrevjingsaktørar.